

Til:  
Hordaland Agnes Mowinckelsgt. 5 5020 BERGEN  
Fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Statens vegvesen Region Askedalen 4 6863 LEIKANGER  
vest

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 17/361-12 Saksh: Ole-Jørgen Jondahl Arkivkode Dato:  
Journalpostid: 2018000002 Telefon: 53 65 40 10 K2-Q12 30.12.2017

## Handlingsprogrammet NTP. Oppmoding om framdrift og nye opplysningar i høve kryss frå Rv13 og inn på Smelteverkstomta i Odda.

Odda kommune har følgjande tilleggskommentarar til Handlingsprogram 2018-2023 (2029) Nasjonal Transportplan 2018-2029:

**Smelteverkstomta i Odda står no klar for investeringar. Vilkåret er at ny kryssløysing til 14,5 millionar kroner kjem på plass. Det er framarbeidd ei felleskapsløysing mellom Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Odda kommune. Der også private etablerarar bidreg med midlar til realisering. Krysset er fullfinansiert i planen der kvar part tek sin del. Fylkeskommunen er sentral som følgje av kollektivknutepunkt og sercicebygg. Odda kommune forskutterer heile kryssløysinga. Prosjektet er avhengig av at Statens vegvesen sikrar sine midlar – 8 millionar kroner til krysset i første planperiode. Fylkeskommunen 2 millionar kroner. Tiltaket må på plass no. Vi ber difor fylkeskommunen og statens vegvesen om å bidra til at dette kan realiserast utan hindringar.**

### Bakgrunn:

Etter mange utfordringar har det denne kommunestyreperioden blitt fart i prosessane med å utvikla tomta til Odda smelteverk. Det lukkast 28.09.16 å få vedteke ein omforeint reguleringsplan utan motsegn frå statlege eller fylkeskommunale instansar.

Alle tilhøve kring utvikling av smelteverkstomta er no endeleg avklart. Kommunen er klar, fylkeskommunen er klar, statens vegvesen er klar og viktigast; investorane står no klare til å utvikla Odda sentrum.

### Eit levande kraftsenter

Ledelse	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetaling skatt:	6345.06.12288	Epost:	<a href="mailto:epost@odda.kommune.no">epost@odda.kommune.no</a>
5750 ODDA				

Statens vegvesen vil setja motsegn mot nye etableringar på tomta inntil ny trafiksikker kryssløysing frå Rv 13. Det vil sei at ingenting skjer på tomta før dette tiltaket er på plass. Det kan vanskeleg tenkjast realisering av eitt kryss med større avgjerande effekt for regionsenter, næringsutvikling, trafikktryggleik og kollektivomsyn.

Prosesen med utvikling av sentrum i regionsenteret Odda har vore særst utfordrande over lang tid. I 2008 hadde vi ein klar plan med utvikling av handlesenter, parkeringsplasser med vidare nord på tomta. Dette kunne ikkje realiserast på grunn av motsetnader mellom krav frå vernemynde og vegmynde.

Tomta dekkar halve Odda sentrum (167 mål totalt). Investorar står klare. Kommunen har 21.12.17, inngått avtale om investeringar, sal av regulert areale, ny veg, kryssløysing, kollektivknutepunkt, grøntarealer, parkeringsplasser m.v. Det same er private eigarar i ferd med å gjera. Statens vegvesen set som vilkår for realisering av bygg at det kjem ei ny kryssløysing inn på tomta. Midlar til ny kryssløysing på RV13 ved Smelteverkstomta må koma snarleg på plass. Krysset som går inn til nytt kollektivknutepunkt, er eit spleiselag kan opparbeidast i 2018. Odda kommune forskotterer kostnadane.

Odda smelteverk gjekk konkurs 03.03.03. Dette vart etterfølgt av ei lang taudraging mellom ulike aktørar; Bustyret, Philip Brothers Chemicals, Hordaland fylkeskommune, Riksantikvaren, Statens vegvesen og ei rekke andre. Mange prosessar er gjennomført med sikte på å vitalisera det som står att av smelteverket sine bygningar og installasjonar. Første reguleringsplan for området vart vedteke i 2008. Smelteverket sine viktigaste attståande bygningar vart freda etter lang prosess i 2012.

Ei rekke motsetnader og innsigelsar gjorde realisering av investeringar komplisert. Miljøverndepartementet gav Riksantikvaren i oppdrag å få utarbeidd en mulighetsstudie for det tidligare Odda smelteverks produksjonsområde, importkaia, taubanen og tilgrensande sentrumsområde i vest/nordvest. Studien skulle etablera eit realistisk underlag for kommunens utarbeidelse av ny reguleringsplan for Sentrum/Smelteverksområdet. Der omsynet til den freda bygningmassen inngjekk som sentralt premiss.

Gottlieb Paludan Architects fekk i 2013 oppdrag å laga mulighetstudie for smelteverkstomta. Norconsult bidrog med lokalkunnskap og spisskompetanse innan kulturminnevern, byggetekniske vurderingar, veg, trafikk og miljø.

Lokalsamfunn og alle andre instansar slutta opp om slutningane i denne studia. Reguleringsplanarbeidet vart utarbeidd i tråd med dette.

Det lukkast først i 28.09.16 å få vedteke ein omforeint reguleringsplan utan motsegn frå statlege eller fylkeskommunale instansar.

Ulike tomteigjarar har som følge av reguleringa eigd ulike partar som ikkje var utbyggbare utan tilpasningar til reguleringsplanen. Såleis er det gjennomført makeskifte mellom offentlege og private eigarar. Der kommunen og private eigarar har fått sine tilpassa tomter bygningsklare. Samt avklaring om vegareal, parkeringsplasser og grøntareale. Der kommunen bidrog med 3,8 millionar kroner. No er kommunen si næringstomt seld med

forpliktande utbyggingsavtale og snart klar for utbygging. Private tomter vil realiserast i fortsettelsen av dette. Samt tiltak som kollektivknutepunkt med venteromsfasilitetar og til dømes framtidretta turistinformasjon.

Tidsmessig må avklaringane om trafiksikkert kryss på plass no. Vi vil våga påstanden at det ikkje kan vera andre stader der ei ny kryssløysing har så stor utløysande faktor som her, til ein liten kostnad. Samt at hindringar for kryssløysing vil ha tilsvarande negativ effekt. Såleis er det avgjerande at statlege, fylkeskommunale og kommunale mynde sørger for realisering denne planperioden. Oppstart av grunnarbeida og bygging på smeltekverkstomta kan då ta til i 2018.

Venleg helsing  
For Ledelse

Roald Aga Haug  
ordførar

Ole-Jørgen Jondahl  
rådmann